

# ÅRSRAPPORT 2011

## FOR

# SIMAS IKS



*Stor auke i aktiviteten hjå SIMAS i 2011.*

## Innhald

1. *Eit år med auka aktivitet*
2. *SIMAS i dag*
3. *Formålet med verksemda*
4. *Organisering av verksemda*
5. *Avfallsmengder*
6. *Styret si årsmelding*
7. *Resultatrekneskap*
8. *Balanse*
9. *Notar*
10. *Revisjonsmelding*

## Eit år med auka aktivitet

For SIMAS vart 2011 eit år med store auke i aktivitetane, både internt og i samband med auke i avfallsmengdene. Den totale mengde avfall som SIMAS handterte auka frå 2010 til 2011 med 17 % og omsetninga med 14 %. Dette er utfordrande når ein i tillegg får nye og strengare krav til handsaming av avfallet.

Internt var auka aktivitet knytt til gjennomføring av tiltak for å effektivisere og betre drifta ved hovudanlegget, samt å gjennomføre viktige tiltak som vart avdekka i risikokartlegginga internt i verksemda.

Det vart også arbeida aktivt med ulike informasjonsaktivitetar. Mellom anna vart ny heimeside publisert, skilt og informasjonstavler på miljøstasjonane vart fornya, og det vart laga ein eigen presentasjonsfilm om avfallshandtering. Me inviterte alle tredjeklassingane i SIMAS-området til besøk i Festingdalen. Der var det informasjon om avfallssortering, sorteringskonkurranse og omvising på anlegget. Dette var eit populært tiltak, med nesten 300 born på besøk. Denne aktiviteten ønskjer me å fortsetta med, og håpar enno fleire kjem på besøk i år.

Fylkesmannen hadde stikkprøvekontroll ved ein av miljøstasjonane i SIMAS-regionen i 2011. Dette som ein oppfølging av den landsdekkande kontrollaksjonen kring handsaming av farleg avfall som vart gjennomført i 2010, der me fekk fleire avvika. Avvika vart lukka, men stikkprøvekontrollen til Fylkesmann viser at det er behov for ytterligare opplæring og informasjon internt i SIMAS og mot kommunane i samband med handtering av farleg avfall. Me hadde også kontroll i frå Arbeidstilsynet i samband handtering av asbest. Her var det avvik i samband med opplæringssystemet. Arbeidet kring desse forholda skal prioriterast og det er viktig å få kontinuitet i dette arbeidet. Her er det viktig å få til eit «levande» internkontrollsystem, der våre haldningar til dette arbeidet er avgjerande.

Når det gjelder haldningar so er dette også avgjerande for å få til best mogeleg kostnadseffektiv avhending og sluttbehandling av avfallet. God sortering av abonnentane sparer SIMAS for mykje ekstraarbeid. Som igjen sparer oss for store kostnader. Her er me ikkje i mål – berre 48% av restavfallet frå hushaldningane som me sender til brenning i Sverige er restavfall. Dette betyr at 52% skulle vore sortert ut, og kunne gitt oss inntekter i staden for utgifter. Dette må alle arbeide for at skal verta betre.

Me vil takka tilsette, samarbeidspartnarar, kundar og eigarkommunane for godt samarbeid i 2011.



Hallvard Thomassen  
Direktør


## SIMAS i dag

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 401 innbyggjarar.

Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger. Her er òg miljø- og avfallsstasjon, sorteringsanlegg, komposteringsanlegg og omlastingsstasjon for restavfall. I 2011 var det 14 fast tilsette. SIMAS kjøper renovasjons- og transporttenester av renovatør- og transportselskap. Meir informasjon om SIMAS finn ein på [www.simas.no](http://www.simas.no)

SIMAS har organisert verksemda innanfor tre hovudarbeidsområde; innsamling, handsaming og avhending av avfall.




Korleis den enkelte abonnent oppfattar avfallsløysinga og servicenivået vil kunne variere. Spesielt med dei geografiske utfordringane som regionen har med få abonnentar med spreidd busetnad. Men her vil òg den enkelte abonnent si personlege haldning til miljø og ressursbruk spela inn. For å kunne vurdera SIMAS sin funksjon vil følgjande vera viktig;

- Kva blir henta hjå abonnentane?
- Kva må bringast?
- Avstand til returpunkt og miljøstasjon?
- Opningstider?
- Fysisk utforming og estetikk?
- Gebyr og kostnader?


## ÅRSMELDING 2011 SIMAS IKS

Dette er forhold som vert vektlagt i arbeidet med å vidareutvikla verksemda.

Abonentane i dei ulike kommunane er fordelt slik;



Fordelinga av dei ulike abonnentane viser også litt av kompleksiteten knytt til renovasjon i SIMAS-regionen. I tillegg kjem utfordringar knytt til "herrelaust" avfall frå til dømes gjennomgangstrafikk og turistar.



Den store endringane knytt til Lærdal er i samband med innføring av tvungen hytter renovasjon i heile kommunen.

**ÅRSMELDING 2011  
SIMAS IKS**

## Formålet med verksemda

SIMAS vart stifta med heimel i kommunelova § 27 på møte i Sogn Regionråd den 20. mai 1994. Frå 01.01.02 vart SIMAS endra til å bli eit IKS, heimla i Lov om interkommunale selskap.

SIMAS skal løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på best mogeleg måte, både økonomisk, ressurs- og miljømessig.

I arbeidet med desse oppgåvene skal òg abonnentane sine ønskje og interesser takast omsyn til.

Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. Selskapet skal i samarbeid med kommunane informera abonnentane om drifta av selskapet.


Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege handteringsmetodar. Selskapet skal samordna kommunane sitt arbeid med å hindra avfallsproduksjon, redusera avfallsmengdene og auka utnyttinga av ressursane i avfallet. Handteringa av avfallet skal skje på basis av økologiske prinsipp samstundes som sentrale miljøkrav vert stetta. Selskapet skal vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan avfallsområdet.

### Eigar- og ansvarsdel i selskapet:

Kommune	Folketal 01.01.11	% eigardel	Folketal 31.12.11	% eigardel	Del av total gjeld 31.12.11	Del av langsiktig gjeld 31.12.11
Aurland	1689	5,23 %	1712	5,28 %	kr 2 148 885,75	kr 1 540 152,21
Balestrand	1343	4,16 %	1338	4,13 %	kr 1 679 444,58	kr 1 203 693,72
Høyanger	4280	13,25 %	4216	13,01 %	kr 5 291 882,19	kr 3 792 804,74
Leikanger	2225	6,89 %	2236	6,90 %	kr 2 806 605,45	kr 2 011 553,93
Luster	5023	15,55 %	5026	15,51 %	kr 6 308 586,31	kr 4 521 498,25
Lærdal	2224	6,88 %	2205	6,81 %	kr 2 767 694,55	kr 1 983 665,66
Sogndal	7160	22,17 %	7348	22,68 %	kr 9 223 138,12	kr 6 610 419,64
Vik	2758	8,54 %	2748	8,48 %	kr 3 449 262,87	kr 2 472 160,20
Årdal	5601	17,34 %	5572	17,20 %	kr 6 993 920,20	kr 5 012 691,65
SUM	32303	100,0 %	32401	100,0 %	kr 40 669 420,00	kr 29 148 640,00

## Organisering av verksemda

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Eigarkommunane vel ni medlemmar til representantskapet. Styret har fem medlemmer og tre varamedlemmer, valde av representantskapet. Direktøren står ansvarleg for den daglege drifta av SIMAS.



### Representantskapet

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og vedtekter. I 2011 handsama representantskapet dei faste sakene etter selskapsavtalen.

### Styret

Styret har hatt følgjande medlemmer i 2011

- Jøril Hovland, Sogndal kommune, leiar
- Stein Olav Njøs, Luster kommune, nestleiar (fram til juni-11)
- Jan Roy Dalheim, Årdal kommune, nestleiar (frå juni-11)
- Åge Skrede, Balestrand kommune
- Edith Valeberg Eggum, Leikanger kommune
- Ingebjørn Giil, Høyanger kommune (frå juni-11)

Varamedlemmer:

1. Eivind Rinde, Vik kommune
2. Margunn Hylland, Aurland kommune
3. Alf Magne Hjellum, Lærdal kommune


Styret har hatt 8 møter i 2011, der eit av møta var styreseminar i lag med dei tilsette. Styret har handsama 70 saker. Dei viktigaste sakene utanom årsmelding, rekneskap, budsjett og investeringsplan var oppfølging av ny strategiplan.

## ÅRSMELDING 2011 SIMAS IKS

I styremøta utgjer referatsakene med orientering frå administrasjonen til styret om drifta om lag halve møtetida. Det vert her særleg fokusert på dei områda på drifta og i administrasjonen som har avvik frå ordinær drift. Denne delen av møta er styret si viktigaste kjelde for å sjå til at selskapet vert drive på ein god måte.

### Organisasjon

SIMAS har i 2011 14 fast tilsette. I tillegg er det leigd inn ekstra ressursar for å kunne handtere forskjellig prosjekt. Organisasjonskart pr 31.12.11 ser slik ut;



Samla sjukefråvær var i 2011 på 3,5 %, mot 4,5 % i 2010. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 1,1 % mot 3,9 % i 2010.


## Avfallsmengder

Totalt auka avfallsmengda som SIMAS handterer med 17 % til 23.091 tonn. I 2010 vart det handsama totalt 19.718 tonn. Av dette utgjer avfall frå hushald 49 %, mot 66 % i 2010. SIMAS tok i mot 1.965 tonn våtorganisk avfall i frå Nordfjord Miljøverk (NoMil) til handsaming i kompostanlegget i Festingdalen.

Hovudtalla for dei ulike avfallstypane er som følgjer;


	År 2011	År 2010	År 2009	År 2008	År 2007	År 2006	År 2005
Restavfall	7356	6340	7129	7513	7411	7625	7840
Våtorganisk avfall	4556	4853	5013	4989	4784	3778	4497
Papp/papir	2527	2254	2367	2569	2534	2448	2329
Husholdningseballasje	47	30	23	28	38	120	106
Plastemballasje - næring og landbruk	125	106	126	97	110	68	49
Glas/metall	371	268	293	274	260	273	391
Skrap	792	854	701	640	561	372	630
Reint treavfall, park og hageavfall	503	349	347	377	354	231	226
Blanda treavfall	1816	1463	1873	1322	917	783	565
Klede	20	84	80	80	60	54	40
Kuldemøblar	0	83	38	60	70	86	36
EE-avfall	45	232	145	264	230	261	232
RENAS avfall	38	96	167	117	187	95	125
Asbest	71	95	28	41	80	9	53
Farleg avfall	116	85	172	155	163	90	59
Trykkimpregnert trevirke	100	100	121	109	100	77	61
Oljehaldig sand	0	0	14	1	9	64	37
Sandblåsingsavfall	64	101	154	0	0	0	0
Avvatna slam	1584	1125	1630	1680	1553	1134	1908
Råslam	0	0	308	402	259	674	616
Oksidslam	0	0	0	0	0	0	0
Dekkmasse	2921	1202	154	733	6585	6327	1685
Til saman	23052	19718	20883	21451	26265	24569	21485

Hovudmengdene av avfallet vert transportert inn til Festingdalen med renovasjonsrutene. Dette fordeler seg som følgjer;



## Handsaming av avfallstypar

Når ein kjeldesorterer kan ein nytta dei fleste avfallstypane som råvare i produksjon av nye varer. SIMAS si handsaming av avfallstypane har utgangspunkt i avfallshierarkiet;




## Gjenvinning


Av dei totale avfallsmengdene, eks dekkmassar, som vart handsama ved SIMAS sitt anlegg i Festingdalen vart 98 % gjenvunnet eller handsama her og sendt vidare til anna sluttbehandling hjå andre aktørar i avfallsbransjen. Dette er ei auke i frå 2010. Aukinga skuldast deponiforbodet som vart innført i april 2010.

## ÅRSMELDING 2011 SIMAS IKS

Samla gjenvinning er vist i grønt:



I samsvar med avfallshierarkiet ønskjer ein å arbeide for mest mogeleg materialgjenvinning. SIMAS har som målsetning at 90 % skal verta gå til gjenvinning, og at av dette skal 60 % gå til materialgjenvinning. For 2011 er gjenvinninga fordelt slik;



Hovudvolumet som går til forbrenning er restavfallet. Dette går til brenning i Sverige.

## Styret si årsmelding

### Om verksemda

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 401 innbyggjarar. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

### Resultatet

Omsetninga i selskapet i 2011 var på 58,1 millionar kroner, dette er 7,0 millionar kroner høgare enn i 2010. Av denne auken er 1,1 millionar kroner knytt auken i renovasjonsgebyret. Resultatrekneskapet syner eit samla overskot på 3,8 millionar kroner, dette er 2,2 millionar kroner høgare enn i 2010.

Eigedelar, eigenkapital og gjeld er pr 31.12.11 på 58,2 millionar kroner, der lånegjelda utgjer 27,3 millionar kroner, mot 33,0 millionar kroner pr 31.12.10. Det er i 2011 ikkje teke opp nytt lån. SIMAS har ei låneråme på 50 millionar kroner, gitt av eigarkommunane.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnaden for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapet for 2011 er sett opp under denne føresetnaden.

### Disponering av overskott

Overskotet på 3,8 mill kroner vert lagt til selskapet sin eigenkapital.

### Finansielle investeringar

Verksemda har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i verksemdar knytt til drifta av verksemda. Av samla midlar utgjer akseposten om lag 2 %.

### Arbeidsmiljø og personale

SIMAS har i 2011 hatt 14 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av prosjekt og ved langtids sjukmelding.

Det samla sjukefråveret var i 2011 på 3,5 %. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 1,1 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær.

SIMAS IKS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld utedrifta. Pr i dag har me 4 kvinner og 4 menn tilsett i administrasjonen. Det er 7 menn tilsett i utedrifta.

## ÅRSMELDING 2011 SIMAS IKS

### Ytre miljø

Selskapet har fleire aktivitetar for å halde skadedyr borte frå hovudanlegget i Festingdalen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og dei tilsette har årleg ryddeaksjon langs vegen ned til hovudvegen.

I 2011 vart andre trinn i eit nytt reinseanlegg for sigevatn og overflatevatn frå området teke i bruk. Anlegget er planlagt i fleire trinn, og vert utbygd i etappar. Dette for å kunne evaluere effekten av tiltak som vert gjennomført. Sigevatnet hadde i 2011 same karakter som året før. Totalutsleppet var om lag som i 2010.

Det er installert system for oppsamling av deponigassar og den innsamla gassen vert avfakla i eige anlegg.

### Framtida


Hausten 2010 utarbeida styret, saman med dei tilsette, ein strategiplan for perioden 2010-2013. Denne strategiplanen tek utgangspunkt i dei overordna krav som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming.

Styret meiner at strategiplanen tek omsyn til dei framtidige krav verksemda står framfor, men ein må òg vurdere om det fins moglegheiter for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i dei ressursane verksemda samlar inn. Dette er ein av dei tinga styret vil arbeide vidare med. Når det gjeld den daglege drifta har verksemda følgjande hovud utfordringar;


- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og endra haldningane til folk, slik at det å tenkje mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk og gjenvinning vert naturleg og ein del av kvardagen
- Fylgja opp ordningane hjå abonnentane og handsama søknader frå abonnentane både rettferdig og raskt
- Auka gjenvinningsgraden av avfallet som SIMAS tek imot og handterer


Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

Kaupanger 23. mai 2011


  
Jøril Hovland  
Styreleiar

  
Jan Roy Dalheim  
nestleiar

  
Åge Skrede  
styremedlem

  
Edith Valeberg Eggum  
styremedlem

  
Ingebjørn Gill  
styremedlem

  
Hallvard Thomassen  
Direktør



# Resultatregnskap

## Simas IKS

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Salgsinntekter		57 125 780	51 321 709
Annen driftsinntekt		<u>1 022 485</u>	<u>-202 074</u>
Sum driftsinntekter		<b><u>58 148 265</u></b>	<b><u>51 119 635</u></b>
Varekostnader		24 411 939	23 699 008
End. beh. varer u.tilv. og ferdigvarer		-9 600	-66 800
Lønnskostnader m.m.	2, 7	8 237 378	7 752 407
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	7 454 922	7 208 831
Annen driftskostnad	2, 6	<u>13 516 874</u>	<u>10 098 251</u>
Sum driftskostnader		<b><u>53 611 513</u></b>	<b><u>48 691 697</u></b>
Driftsresultat		<b><u>4 536 752</u></b>	<b><u>2 427 938</u></b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		131 018	150 046
Annen finansinntekt		6 363	8 598
Annen rentekostnad		<u>900 030</u>	<u>943 816</u>
Resultat av finansposter		<b><u>-762 649</u></b>	<b><u>-785 172</u></b>
Resultat før skattekostnad		<u>3 774 103</u>	<u>1 642 766</u>
Ordinært resultat	8	<b><u>3 774 103</u></b>	<b><u>1 642 766</u></b>
<b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>			
Årsoverskudd (Årsunderskudd)		<b><u>3 774 103</u></b>	<b><u>1 642 766</u></b>
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til annen egenkapital		<u>3 774 103</u>	<u>1 642 766</u>
Sum overføringer		<b><u>3 774 103</u></b>	<b><u>1 642 766</u></b>



# Balanse

## Simas IKS

Egenkapital og gjeld	Note	2011	2010
<b>Innskutt egenkapital</b>			
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		17 530 896	13 756 794
Sum opptjent egenkapital		<u>17 530 896</u>	<u>13 756 794</u>
Sum egenkapital		<u>17 530 896</u>	<u>13 756 794</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	6	27 363 440	32 925 742
Øvrig langsiktig gjeld		<u>1 785 200</u>	<u>1 485 200</u>
Sum annen langsiktig gjeld		<u>29 148 640</u>	<u>34 410 942</u>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		5 193 995	3 696 086
Skyldig offentlige avgifter		1 888 223	1 034 613
Annen kortsiktig gjeld		<u>4 438 562</u>	<u>4 477 335</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>11 520 781</u>	<u>9 208 034</u>
Sum gjeld		<u>40 669 421</u>	<u>43 618 976</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>58 200 316</u>	<u>57 375 770</u>

Kaupanger  
For styret i Simas IKS


  
Jøril Hovland  
Styreleiar

  
Age Skrede  
Styremedlem

  
Edith Valeberg Eggum  
Styremedlem

  
Jan Roy Dalheim  
Nestleiar

  
Ingebjørn Giil  
Styremedlem

  
Hallvard Thomassen  
Daglegleiar



# Balanse

## Simas IKS

<b>Eiendeler</b>	<b>Note</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	3	32 455 802	35 813 765
Maskiner og anlegg	3	5 045 000	4 895 200
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3	3 950 000	3 109 999
Sum varige driftsmidler		<u>41 450 802</u>	<u>43 818 963</u>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	4	209 651	209 651
Andre fordringer		325 784	382 942
Sum finansielle anleggsmidler		<u>535 435</u>	<u>592 593</u>
Sum anleggsmidler		<u>41 986 237</u>	<u>44 411 556</u>
<b>Omløpsmidler</b>			
Lager av varer og annen beholdning	1	232 300	222 700
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	1	8 824 043	1 952 563
Andre fordringer		575 133	317 011
Sum fordringer		<u>9 399 176</u>	<u>2 269 574</u>
<b>Investeringer</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	6 582 603	10 471 940
Sum omløpsmidler		<u>16 214 079</u>	<u>12 964 214</u>
Sum eiendeler		<u>58 200 316</u>	<u>57 375 770</u>



# SIMAS IKS

## NOTAR TIL REKNESKAPEN 2011

### Note 1: Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.  
Følgjande rekneskapsprinsipp er nytta:  
Debitorar pr. 31.12.11 er vurdert til pålydande med reduksjon for avsetning tap på krav kr 107.500.  
Varelager er vurdert til innkjøpspris.  
Eigenkapitalinnskott KLP er ført som anleggsmiddel.

### Note 2: Tilsette, godtgjersler og lån til tilsette, m.m.:

Lønskostnader består av følgjande postar:

	2011	2010
Løner:	kr 6 873 440,00	kr 6 257 120,00
Arbeidsgjevaravgift:	kr 794 690,00	kr 711 640,00
Pensjonskostnader:	kr 287 212,60	kr 480 373,00
Andre personalkostnader:	kr 282 035,00	kr 353 772,00
Sum lønskostnader:	kr 8 237 377,60	kr 7 802 906,00
Gjennomsnittleg tal tilsette:	15	14
Kostnadsført revisjonshonorar utgjer:	kr 41 278,00	kr 34 563,00
Godtgjersler til leingi:	Dagleg leiar:	Dagleg leiar:
Løn/annan godtgjersle:	kr 748 221,00	kr 695 480,00
	Styreleiar	Styreleiar
Styreleiarhonorar	kr 69 000,00	kr 43 050,00

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Dagleg leiar har lån i selskapet. Pr 31.12.2011 utgjer dette kr. 233.334,-.

Det er avtale på tilbakebetaling av lånet. Det blir betalt renter på lånet etter gjeldande normrente.

Pensjonsforpliktelsar er dekkja gjennom dei normale forsikringane i KLP.

### Note 3: Driftsmidlar:

	Kostpris:	Avgang/ Tilgang:	Sats:	Årets avskrivn.:	Akk. avskrivn.:	Bokført 31.12.11:
Tomter, bygninger o.a fast eigedom	kr 67 093 189,00	kr 844 148,00	5-10%	kr 4 202 110,00	kr 31 279 425,00	kr 32 455 802,00
Maskiner og anlegg	kr 10 690 200,00	kr 2 454 187,00	20 %	kr 2 304 387,00	kr 5 795 000,00	kr 5 045 000,00
Driftslosore, inventar o.a utstyr	kr 12 616 849,00	kr 1 788 424,00	10-33%	kr 948 425,00	kr 9 506 848,00	kr 3 950 000,00
<b>SUM:</b>	<b>kr 90 400 238,00</b>	<b>kr 5 086 759,00</b>	<b>0</b>	<b>kr 7 454 922,00</b>	<b>kr 46 581 273,00</b>	<b>kr 41 450 802,00</b>

Tilgang er finansiert ved bruk av eigenkapital.

### Note 4: Aksjar:

Selskap:	Total aksjekapital:	Tal aksjar:	Pålydande:	Overkurs:	Bokført verdi:
RECOM AS	kr 1 750 000,00	48	kr 500,00	kr 1 000,00	kr 101 651,00
RETURA AS	kr 1 580 000,00	60	kr 1 000,00	kr 1 800,00	kr 108 000,00

### Note 5: Skatt og bundne midlar:

Avsett skattekostnad i balansen

2011	2010
0	0

Av samla bankinnskott er kr.400.000,- bundne skattetrekkmidlar.

### Note 6: Langsiktig gjeld, pantsetjingar og garantiar:

Eigarkommunane er garantistar og er gjensidig ansvarlege for alt låneopptak.

Det er i 2011 avsett kr. 299.953,- i etterdriftsfond.

Samla verdi etterdriftsfond utgjer pr. 31.12.11 kr. 1.785.200,-.

### Note 7: Obligatorisk tenestepensjon

SIMAS IKS pliktar å ha eigen tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Foretaket sin tenestepensjon vert administrert av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

KLP oppfyller krava etter denne lova.

**Note 8: Avdelingsfordeling**

	Kommunalt	Næring	Slam
Driftsinntekter	kr -28 600 694,00	kr -22 447 609,00	kr -7 099 961,00
Dir. driftskostnader	kr 13 066 991,00	kr 8 283 727,00	kr 3 103 882,00
Andre driftskostnader	kr 14 007 414,00	kr 12 923 499,00	kr 2 205 998,00
Driftsresultat	kr -1 526 289,00	kr -1 240 383,00	kr -1 790 081,00
Finansposter	kr 343 193,00	kr 358 446,00	kr 61 012,00
Resultat	kr -1 183 096,00	kr -881 937,00	kr -1 729 069,00

Kopi til:

Til Representantskapet i SIMAS IKS

## REVISJONSMELDING

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SIMAS IKS, som viser eit overskot på kr 3 774 103. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne dato, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og daglig leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen, og for at det gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine regler, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjera det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

#### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilde av den finansielle stillinga til SIMAS IKS per 31. desember 2011, og av resultat for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg.

## Utsegn om andre tilhøve

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnadene om fortsatt drift og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god rekneskapskikk i Noreg.



Ingvar Linde  
ansvarlig revisor

Steinar Arild Loven  
revisor